

KYRKJEBLADET

FOR LEVELD, TORPO OG ÅL



SMÅ TING GJORT MED STOR KJÆRLEIK / HØYRING GRAVPLASSVEDTEKTER 2026
HELSING FRÅ LUSTER / ASLAK ELIAS SIMONSEN / SANGEFJELL-JUBILEUM 25 ÅR

NR. 2 | 2026 | 67. ÅRGANG



Foto: Fotografi Ole Johs. Brye

1. rekke fra venstre: Iselin Kvalheim Nedreberg, Julie Sataslåtten, Madelen Knutshaug-Ruud, Sokneprest Marianne Bergsjø Gammelsæter, Hanna Youness Nantenaina Hansen, Mari Gunhildgard Tveito, Thuva Bø

2. rekke fra venstre: Kristi Saue Helling, Christine Skrindo, Mia Isabelle Espegard Martinsen, Emma Nasselqvist Dalby, Ingrid Sandelien, Bente Marie Møller Hagen, Emma Solberg Skalle

3. rekke fra venstre: Aksel Roløkken Tretterud, Emilie Etterlid Baklien, Hesna Al-Shereifi, Ingebjørg Tveito Berg, Leah Thune Majormoen, Malin Sataslåtten, Marcus Leander Ekra Fingarsen

4. rekke fra venstre, Håkon Tufto Medgard, Grzegorz Wawrzyniak, Pawel Wawrzyniak, Bendik Etterlid Tveito, Berger Annesson Kyrkjedelen
Konfirmantar ikkje tilstades på bilete: Neema Krohn Sævre, Oda Amalie Vesleslåtta Ellingsen

For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve.

Små ting gjort med stor kjærleik

Ein venn var tilstades då Mor Theresa var hoved-gjest på den kjente og årlege bønnefrukosten i Washington DC. Verten heitte Bill Clinton og var ikkje berre svært høg fysisk men også verdas mektigaste politkar. Då den 152 cm låge nonna frå Calcutta entra rommet gjekk presidenten ned på kne og heldt rundt

ANDAKT



Av Børge Bekkestad
Diakon

ho mens han gråt høglydt. Secret Service-mennene såg rådvile på kvarandre. Salen vart stille. Verdas mektigaste mann satt ut av å møte den enkle kvinna med sitt daglege liv blant dei utstøtte, fattige og døyande.

Mor Theresa er den som er kjend for sitatet: «*Me kan ikkje gjere store ting, men berre små ting gjort med stor kjærleik*». Kor i Bibelen finn me denne visdommen? I Matteus 25 seier Jesus: «*Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.*» I Markus 9 fortset han med at det å gje nokon av hans brør ein liten kopp vatn er det same

som å ha gitt det til Han sjølv. I Lukas 16 trekk Jesus også fram at om ein kan bli betrodd lite, kan ein seinare settast til ansvar over noko mykje større.

17. mai morgon på bygdamuseet på Ål høyrde eg Torill Kvalvågnes syngje så vakkert Alf Prøysen sin «Gris-kokk-trøsta». Visa er humoristisk og full av visdom: alt ærleg arbeid er like mykje verdt, og griskokken skal gå med heva hovud inn og stelle grisane sine.

Det var lyttande til denne visa eg vart minna om Mor Therasas vise ord, om at Han der oppe ser til hjartet i det vi steller med. Om det er gjort i kjærleik. For det legges merke til også her ned. Om man er gris i Alf Prøysen land eller president i det store Amerika.

Då den 152 cm låge nonna frå Calcutta entra rommet gjekk presidenten ned på kne og heldt rundt ho mens han gråt høglydt.



Kveldsmesser i Ål i haust

I Ål har vi eit variert gudstenestetilbod i alle tre kyrkjene våre. I haust ynskjer vi å utvide dette med å invitere til tre Kveldsmesser i Ål kyrkje.

Sokneprest Marianne har samla ei lita gruppe og jobbar med idear og innhald. Vi har spurt ho om kvifor det vert slike Kveldsmesser? Ho tenkjer seg litt om og svarar: - Eg tenkjer at vi alle er ulike og difor kan sette pris på ulike fellesskap, uttrykksformer, musikk også i kyrkja. Sjølv er eg glad i mangfaldet som er i kyrkja, men eg treng òg stille, ettertanke, færre ord og det meir

lågmeldte innimellom. Difor håper eg at kveldsmessene vert eit fint supplement for mange og at det vert låg terskel for å koma der!

Til hausten vert det kveldsmesser i Ål kyrkje ca. ein sundag kveld i månaden, det vert ein forenkla, men fast liturgi, god tid til stille, bøn, Taize- og andre meditative songar og nattverd. I tillegg, rundar ho av; håper vi å ha med ein frivillig muskar (i tillegg til organist) kvar gong. Etter gudstenesta vert det høve til ein kopp te og ein prat bak i kyrkja om ein ynskjer det.

Datoane vert:

**13. september, 25. oktober og
22. november kl. 18 i Ål kyrkje**

Marianne, sokneprest

KYRKJEBLAD FOR LEVELD, TORPO OG ÅL SOKN

REDAKSJON

Elin Etterlid Tveito
Inger Elise Kaslegard
Kristoffer Krohn Sævre

BANKGIRO 2320.20.70272
VIPPS 627063

PRODUKSJON kreator.no

STABEN VED ÅL KYRKJEKONTOR

Opningstid kontor tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. kontor 907 13 766 | post.aal@kyrkja.no | www.aal.kyrkja.no |

KYRKJEVERJE

Kristoffer Krohn Sævre
Ks259@kyrkja.no • tlf 484 41 575

PROST

Camilla Osnes
co689@kyrkja.no • 977 15 677

SOKNEPREST

Marianne Bergsjø Gammelsæter
MG822@kyrkja.no • 958 06 920

KAPELLAN

Aslak Elias Simonsen
AS895@kirken.no

SEKRETÆR

Elin Etterlid Tveito
et429@kyrkja.no

Guro Stave
gs595@kyrkja.no

KYRKJETENAR

Håkon Tveito
ht337@kyrkja.no

Tom Vidar Myrestølen
tvmyses@hotmail.com

Morten Storhaug
mortenstorhaug@gmail.com

ORGANIST/MUSIKAR

Vemund Olav Aukrust
va358@kyrkja.no

Ingunn Stræte
ingunn.straete@gmail.com

Håkon Tveito
ht337@kyrkja.no

DIAKON

Børge Bekkestad
BB369@kyrkja.no

KYRKJELYDSPEDAGOG

Gina Ingeborg Hagen
gh665@kyrkja.no

REINHARDAR

Kamila Socha
kamilkaa79@gmail.com

SOKNERÅDSLEIAR

Froydis Stoveland Dekko
froydisstoveland.dekko@bufetat.no

FELLESÅDSLEIAR

Anne Kjersti Frøyen
akfroyen@gmail.com



Helsing frå Luster

Inger Elise Kaslegard har vore på besøk i Luster.
Her kjem ein hilsen til kyrkjebladet.

9. mai og campingsesongen er so vidt komen i gang. Litt i kaldaste laget, men sola varmar og lyser opp nysnøen på toppane på sørsida av fjorden. Fjorden med det grøne vatnet. Lustrafjorden skjer seg nordaustetter inn mellom dei tunge fjellmassiva inst i Sogn. På nordvestsida, der Dalsdalen opnar seg mot fjorden, ligg Dale kyrkje nær strandkanten. Hit har lustringar kome gjennom 775 år til lands eller over fjorden frå grendene på søraustsida. Det var ofte det kvitkalka gudshuset som var målet for ferda, berre eit hus; men eit hus som bar i seg djupe løyndomar.

Frå campingstolen min ser eg bort på taket og tårnet til flotte Dale kyrkje, med ei søge heilt attende til år 1250. Den kvitkalka steinkyrkja ligg midt i tunet til prestegarden, med alle gardshusa tett på og der det er «10 skritt» til presteboligen.

Det mest særreigne med Dale-kyrkja er klebersteinsarbeidet i dei to portalane; Den store (overdimensjonerte) vestportalen som er hovudinngangen til kyrkja, og den noko mindre sørportalen i skipet. I tillegg har kyrkja ein liten, enkel kleberinnfatta portal på sørsida i koret.

Inne i kyrkja vert ein møtt av eit vakkert og fargerikt interiør. Veggane er i ein blå-grå tone og er rikt dekorert med kalkmåleri. Delar av den synlege dekoren er frå mellomalderen. Etter reformasjonen vart mykje av veggmåleria i koret kalka over, uvisst kvifor, og erstatta av nye måleri frå omkring 1560. Desse har og vore kalka over men vart avdekkja under eit omfattande arbeid i 1950.

Den største restaureringa i nyare tid, vart gjort i 1903. Det var stor ueinigheit om kva og kordan dette skulle gjærast. Dåverande sokneprest Halvorsen meinte at «dersom det ikke kan lade seg forenes, faar det arkæologiske vige for det kirkelige» Og sitat frå Dagbladet: «Under Umvølingi no reiser det seg røyster fraa Bygdefolket um, at Kyrkja helst skal setjast istand ljøs og høveleg etter vaar Tids smak, og at ein ikkje skal bry seg so mykje om Stil og dei gamle Minne» Men: «lat endeleg hennar sterke røyst frå Fedrane naa nedyver til Framtidi frå Ætt til Ætt»

Det nasjonale medvitet hadde lukkelegvis no også slege rot i trauste lustringar og i arbeidet var hovudprinsippet å ta vare på det gamle. Ved fargerestaureringa i 1951 er og dei gamle fargane attende i interiøret.

Er du i Sogn så ta ein tur til Luster sentrum. Dale kyrkje er open i sommarsesongen. Vel verd ei vitjing. Næraste nabo er Lustrabui som byr på steinovnsbakte bakarvarer.

Inger Elise Kaslegard

Info og sitat er henta frå jubileumsboka
«Dale kyrkje i Luster 750 år»

Høyring gravplassvedtekter 2026

Forskrift om gravplassvedtekter, Ål kommune, Buskerud	
Dato	FOR-2023-03-11-4897
Krafttredde	01.06.2023
Sist endret	FOR-2024-02-05-5488
Opplær for	Ål kommune, Buskerud
Hjemmel	LOV-1998-06-07-321, LOV-1998-06-07-321-§6, LOV-1998-06-07-321-§14, FOR-1997-01-10-18-§10a
Kunngjort	15.05.2023 kl. 14.30

Ål kyrkjelege fellesråd er gravplassmyndigheit i Ål kommune og fastset vedtektene for gravplassane i Ål kommune. Fellesrådet publiserer no forslag til nye vedtekter på høyring. Vedtektene kan lesast i sin heilheit på nettsidene aal.kyrkja.no. Det er også mogeleg å kome innom kyrkjekontoret og lese vedtektene på papir.

Frist for å gje innspel er sett til 9. juli 2026.
Høyringssvar sendast til post.aal@kyrkja.no

Etter høyringa skal vedtektene endeleg godkjennast av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark før dei publiserast på Lovdata.

Gravplassvedtektene for Ål kommune vart sist endra i 2023. Dette nye utkastet behandla i fellesrådet 28. april 2026 tek utgangspunkt i dei førre vedtektene, der malen frå Statsforvaltar har ligge til grunn, og det er lagt inn nødvendige oppdateringar som inkluderer namna minnelund, samt nokre språklege oppdateringar. Innholdsmessig er det inkludert endra festeperioder frå 10 til 5 år (§6), vedtak om forbod mot lause talglykter (§8), namna minnelund inkludert festetid (§11), samt symbolsk flytting og ekstra namn på minneplata (§12).

Kristoffer Krohn Sævre
Kyrkjeverje



Ny kapellan og konfirmantleiar



Den nye kapellane heiter Aslak Elias Simonsen (36) og ser fram til å jobbe med både konfirmantar og til å «lytte fram folk kjærleikshistorier».

Aslak kjem frå Nesodden, men har jobba som prest på Nesbyen det siste året. No er han i gong som kapellan i Hol og Ål, og skal mellom anna ha hovudansvar for konfirmantane.

– Konfirmantarbeidet blir spennande å få vere med på, eg gler meg til det. Konfirmantane skal mellom anna få spikke sitt eige kors, som ein symbolikk på at dei skal få forme sitt eige forhold til Gud og si kristne tru.

– Korleis vil du beskrive deg sjølv som prest?

– Eg er veldig glad i å synge og messe, glad i å halde prekenar i gudstenestene, andaktene i begravelsar, å knytte det levande livet opp til ei levande fortelling. I samtale med dei som skal gifte seg ynskjer eg å lytte fram folks kjærleikshistorier, det er ein flott del av min jobb.

Aslak vart sett inn som kapellan i Geilo kulturkyrkja Kristi himmelfartsdag, og beskreiv seg sjølv som ein prest som ynskjer å lytte.

– Eg trur alle søker etter nokon som har evna til å lytte til dei, ein som forstår korleis den andre personen har det. Som ungdom sakna eg å ha nokon som lytta godt og som så meg, det har vorte ein verdi eg synes er viktig.

– Kva gjer du på fritida?

– Eg har mange hobbyer og har funne tilbake til fotball. Eg håper å finne eit oldboyslag i Hol. Klatring er også en greie for meg. Og så har eg faktisk ein kunstutstilling klar som jeg har måla – og skreve tekstar til kvart bilete.

Den nye kapellane jobber også på eit bokprosjekt som han håper å få realisert.

– Eg skriv ein reise gjennom dei bibelfortellingane som har truffe meg. Sjangeren er billedleg og trukke ned til meining til det levde livet. Eg trur det blir både poetisk og forkynnande.

Aslak er glad i Johannes sin skildring av «Lyset skin i mørkret og mørkret har ikkje overvunne det».

– Det var slik eg begynte å måle, etter å ha

fått den teksten på gata i Trondheim då eg hadde starta å jobbe som prest. Mitt fyrste måleri heiter «Lyset skin i mørkret» Det var ein forløysande oppleving. Mange tekstar kan lesast fleire gonger og få noko nytt ut av det.

– Kva ser du fram til ved å jobbe i Hol og Ål?

– Eg liker kyrkja, folkemusikk, kunst og kultur og det er så mange dyktige musikarar i Ål og Hol, så eg gler meg til å bli kjent med folk og lokalsamfunnet der.

Aslak var med på konfirmanttur til Voss i april, og der hadde han også med ein firbeint krabat.

– Eg har hatt hunden Ask i berre nokre månader. Han tilhørte ein familie som ikkje hadde kapasitet til å behalde han, og ved ein tilfældighet gjekk jeg inn hos oppdrettaren og møtte hunden som smatt ut døra. Eg fekk berre 10 minutter til å bestemme meg, men sa ja. Det er eg veldig glad for, han har blitt ein veldig stor glede i kvardagen.

– Du skal ha mykje med neste års konfirmantar å gjere. Kva kan dei glede seg til?

– Eg ynskjer å gjere det til noko kjekt, ikkje som ein ny skuletime. Dei skal få delta, bli kjend i kyrkjerommet, få ein smak av det kristne livet og bidra med sine talent og gaver. Me skal på tur saman, konfirmantleir, det blir mye kjekt. Det blir ein seremoni eg håpar dei kan ta med noko frå inn i vaksenlivet dei er ment til å leve.



Aslak deltok på konfirmanttur til Voss sist april og fekk testa ut vindturbin.





Helsing til konfirmantane 2026

Etter at konfirmantprest Marianne, var på plass i oktober i fjor, kom konfirmant-tida skikkelig i gang.

I haust var det fleire samlingar, samt Konfirmantfestivalen, saman med alle Hallingdal-konfirmantane, i Hem-sedal. En heil dag med Kick-off i kyrkja, aktivitetar ute og inne, måltid og gudsteneste i kyrkja. I desember var konfirmantane med og dekorerte lys som dei frivillige delte ut til dei eldre i heile ÅL.



Av høgdepunkta i vår kan nemnast: Tema om gravferd, død, sorg og håp, med besøk av Terje frå Jølstad gravferdsbyrå og den årlege Fasteaksjonen med ein kjempeflott innsats av konfirmantane og føresette. Så kom siste helga i april, og toppa det heile med

helgetur til Voss. Togtur (og buss for tog heim!), lek, moro, undervisning, Voss Vind (!) med utfordringar for dei som ynskja og nydeleg mat frå «vår eiga» Inger! Helga vart avslutta med gudsteneste i Vangs-kyrkja på Voss, der alle konfirmantane var med og bidrog i det som vart deira samtalegudsteneste.

Vi vonar at alle sit att med mange gode minne frå ei viktig tid i livet, og at bodskapen om at kyrkja alltid vil vere litt «di», og at du kan kvile i

at Gud alltid er ein som ber deg med sin nåde og kjærleik.

Guds signing på livsvegen vidare!

Marianne, sokneprest

Er du fødd i 2012?

Meld deg på som konfirmant på kyrkja sine nettsider aal.kyrkja.no

Konfirmasjonane 2027 blir:

Lørdag 22. mai 2027 kl. 11 Konfirmasjon i Ål kyrkje

Søndag 23. mai 2027 kl 11 Gudstjeneste med konfirmasjon i Torpo kyrkje

Lørdag 5. juni 2027 kl. 11 Konfirmasjon i Ål kyrkje

Søndag 6. juni 2027 kl 11 Gudstjeneste med konfirmasjoni Leveld kyrkje

KONFIRMANTAN 2027

50-årskonfirmantar



1. rekke: Marianne Amundsen, Kari Stenberg, Håkon Ragnar Hagen, Marita Dokk

2. rekke: Oddrun Tveitehaugen Bergaplass, Håkon L. Sato, Sigrun Oddveig Stranden Gjerden

3. rekke: Ole Egil Trinrud, Ole Sjøthun

4. rekke: Oddveig Sollien Botten, Odd Trygve Kolbjørnsgard, Hilda Sollien

5. rekke: Halldis Bjørnstad Nistad, Eldbjørg Moen, Aud Farstad Ringen

6. rekke: Ellen Synnøve Willumsen, Liv Elisabeth Eliassen, Jorunn Storhaug rekke Hallgrim Uppsata, Bjørn Olav Thune, Dag Ådnegard, Anders Skarsgard

AKTIVITETAR

FORMIDDAGSTREFF KYRKJESTUGU ÅL

2.september: HAUSTTUR til Nesbyen
(påmelding)
7.oktober
4.november
2.desember: JUBILEUMSFEST



FORMIDDAGSTREFF NORDBYGDENE

30.september
28.oktober: HAUSTFEST
25.november

SUPERTORS DAG:

Oppstart etter høstferien, 8.oktober

BABYSONG

24.08 - 7.09 - 21.09 - 05.10 -
19.10 - 2.11 - 16.11 - 30.11

MINI BUK

I haustferien blir det ein dag med
mini BUK for born i alder 6-10 år.
Hald av måndag 28.september.
Meir info kjem på heimeside
og facebook.

FEST FOR DEI FRIVILLIGE

17.september kl. 17 inviterer vi alle
som jobbar frivillig i kyrkja, til middag,
kaffi og kaker i kyrkjestugu.
Påmelding innan mandag 7.september
på mail til post.aal@kyrkja.no

HAUSTTUR

2.september blir det tur til Nesbyen.
Vi besøker Levor Vestheim og det blir
bestilt bord til felles måltid (stad kjem).
Dette er ein triveleg tur som alle kan delta
på. Påmelding innan 19.august på mail til
post.aal@kyrkja.no

4- OG 6-ÅRS BOK

Til dei som ikkje har moglegheit
til å vere på utdeling tå 4- og 6-årsbok
i Ål kyrkje 6.september, kan komma
på gudsteneste i:
Leveld kyrkje 30.august kl 11.00
(folkemusikk-gudsteneste)
Torpo kyrkje 11.oktober kl 11.00

KYRKJEVERJAS HJØRNE

Sommervikarar

Denne sommaren har me engasjert
to flinke unge menn til å jobbe som
sommarmhjelp på kyrkjegardane.
Samuel og Gjermund vil du treffe
på når du besøker kyrkjegardane i
Leveld, Torpo og Ål. Dei bit ikkje,
men kanskje får du eit surt fjes
viss du slepp hunden laus – hugs
at hunden skal haldast i band.

Sikring av gravstøtter

Står gravstøtta litt på skeiva?
Hugs at det er festar sitt ansvar å halde
gravminnet sikra og i forsvarleg stand.
Kontakt kyrkjekontoret viss du treng
hjelp med oppretting av gravminne,
og så får du ein faktura i etterkant.

Lause talglykter forbode

Me minner om at lause talglykter er
forbode på kyrkjegardane. Me finn
stadig slike lykter, og ryddar dei vekk
fordi dei utgjør ein risiko i landbruket
når fuglar dreg dei utover.

Leveld kyrkje skal målast

Leveld kyrkje skal målast i som-
mar. Me har engasjert nokre dyktige
målarar som skal skrape og måle heile
kyrkja i juli og august. Noko stillas

og ein lift vil det bli, men lite støy.
Gudstenester og eventuelle gravferder
vil gjennomførast som normalt.

Vatning på kyrkjegarden i Leveld

Leveld bygdekvinnelag vil også i år ordne
med vatning på kyrkjegarden i Leveld.
Vatninga startar 25.mai og held på til
30. august. Det blir ikkje kravt betaling,
men dei som vil, kan sende ein liten sum
til konto nr. 2320 20 60439

Målargruppe i Borgstugu

Borgstugu brukast tidvis av Speida-
rane, og no skal også ein kunstnar-
gruppe bruke huset som base for
kunstmåling og utstilling. Om du ser
aktivitet der så er du velkomen innom.

Festeavgift skal aukast

Festeavgifta i Ål kommune kjem til
å justerast opp til 240 kroner i året.
Avgifta har vore 210 kroner sidan
2021. Avgifta er med på å dekke ein
del av kostnadene ved å drifte kyrkje-
gardane. Gjennomsnittleg festeavgift
for små kommunar ligg på 250 kroner,
slik sett er festeavgifta i Ål under gjen-
omsnittet. Avgifta må behandlast
i kommunestyret før den er endeleg
vedteke og innførast.

Takk for gåva til fasteaksjonen!

Takk til alle frivillige og alle som bidrog med ei gåve til fasteaksjonen i mars.
I Leveld, Torpo og Ål sokn vart det til saman samla inn 36.051 kroner til
Kirkens Nødhjelp sitt arbeid med vatn i Etiopia og andre områder prega av krig
og uro. Totalt i heile Noreg vart det samla inn 33,8 millionar. Takk for gåva!

MØTEHELG med Egil Svartdahl 13.-15. november på Pers Hotell, Gol

Normisjon-Vestfold og Buskerud
har tatt initiativ til en møtehelg
med Egil Lund Svartdahl komande
november. TV-pastoren, predi-
kanten og foredragsholderen har
ein unik evne til å formidle, stille
gode spørsmål og snakke ærlig
om livet og troen. Han har ledet
ei rekke TV-programmer som:
«Pastor på prøve», «Søndagsåpent»,

«Gudesens konditori» og «Reisen
hjem». I november kjem han til Pers
Hotell hvor det blir fleire møter, ulike
seminarer og gospelnight. Sjølve
programmet blir klart til hausten.
Møtehelga er eit samarbeid med dei
fleste menigheter og misjonsfore-
ninger i og utenfor Den norske kirke
i Hallingdal. Leveld, Torpo og
Ål sokneråd er medarrangører.

VI GÅR I KYRKJA

JUNI

21.06.2026

Ål bygdamuseum 11:00
Sumargudsteneste

JULI

05.07.2026

Leveld kyrkje 11:00
Sumargudsteneste

12.07.2026

Ål kyrkje 18:00
Sumargudsteneste

26.07.2026

Nystølkyrkja 11:00
Sumargudsteneste

29.07.2026

Torpo stavkyrkje 18:00
Olsokgudsteneste

AUGUST

02.08.2026

Vats fjellkyrkje 11:00
Sumargudsteneste

09.08.2026

Torpo kyrkje 11:00
Sumargudsteneste

09.08.2026

Sangefjell naturkatedral 13:00
Sumargudsteneste.
25 års jubileum

23.08.2026

Ål kyrkje 11:00
Folkemusikk gudsteneste.
KFUK/M Seinsommartreff
Vigsling av diakon

30.08.2026

Leveld kyrkje 11:00
Folkemusikk gudsteneste.
KFUK/M Seinsommartreff
deltek med leirkor

SEPTEMBER

06.09.2026

Ål kyrkje 11:00
Gudsteneste for små
og store. Utdeling av
4- og 6-årsbok for alle sokn

13.09.2026

Ål kyrkje 18:00
Kveldsmesse

20.09.2026

Ål kyrkje 11:00
Folkemusikk gudsteneste

27.09.2026

Vats fjellkyrkje 11:00
Gudsteneste

OKTOBER

04.10.2026

Gudsteneste i
Vats fjellkyrkje 11:00

11.10.2026

Torpo kyrkje 11:00
Gudsteneste
Ål kyrkje 18:00
Kveldsmesse

18.10.2026

Ål kyrkje 11:00
Misjonsgudsteneste.
NMS foreninga 150 år.
Kirkekaffe

25.10.2026

Ål kyrkje 18:00
Kveldsmesse

NOVEMBER

01.11.2026

Torpo kyrkje 11:00
Helgemesse

01.11.2026

Leveld kyrkje 11:00
Helgemesse

01.11.2026

Ål kyrkje 18:00
Helgemesse

08.11.2026

Ål kyrkje 11:00
Gudsteneste for
små og store.
Lys vaken, borna deltek

15.11.2026

Info kjem! 11:00
Felles gudsteneste
for Hallingdal på Gol.

22.11.2026

Ål kyrkje 18:00
Kveldsmesse

27.11.2026

Torpo kyrkje 18:00
Lysmesse med
konfirmantane. Nb fredag!

06.12.2026

Leveld kyrkje 11:00
Gudsteneste

Open kyrkje

Ål kyrkje
er open i
kontortida.

DØYPTE

Ål

Agnes Øynebråten Etterlid 19.04.2026
Noah Hansen Lehn 31.05.2026

Torpo

Elena Kariadottir Niedzwiedzki 12.04.2026
Adele Pinchuk-Tretterud 15.03.2026
Mikkel Ølnes Hodnungseth 15.03.2026

VIGDE

Ål

Aiva Marija Sato & Stian Sato 11.04.2026

DØDE

Leveld

Embrik O Hovdegard f.:1930 d.:20.03.26
Celine Rotnes Håheim f.:2026 d.:16.04.26
Torgeir Slåtto f.:1947 d.:24.04.26
Reidun Haug f.:1936 d.:13.05.26

Ål

Pål Kasper Mikkeldrud f.:1963 d.:21.02.26
Kristi Trøan f.:1931 d.:27.03.26
Gudrun Stuve f.:1933 d.:06.04.26
Ole Ivar Grue f.:1972 d.:09.04.26
Ove Fluto f.:1945 d.:16.04.26
Gunhild Warberg f.:1926 d.:17.04.26
Magne Sæterstøen f.:1948 d.:18.04.26
Gunnar Henning Sørensen f.:1932 d.:10.05.26
Agnar Tenold f.:1937 d.:10.05.26
Inger Lise Holo f.:1953 d.:21.05.26

Konfirmantbilet

Ynskjer du å bestille konfirmant-
biletet av årets konfirmantar?

Kontakt Brye Foto & Musikk

Familievernkontoret:

32 12 33 44

Samtaler for par, familier og
enkeltpersonar. Tilbodet er gratis

www.familievern.no

www.bufetat.no



JØLSTAD
Hallingdal gravferdsbyrå

Gravferdsbyrået for heile
Hallingdal sidan 1995

Sundretunet, Ål // Telefon **917 06 250** (24t)
hallingdal.jolstad.no



**FLÅ, NESBYEN, GOL, ÅL
BEGRAVELSESBYRÅ**

Ditt lokale begravelsesbyrå siden 1963

Avd. Ål
Myren 24
Dagkvart tlf. 32077551
Aalbb.no



**SMÅMAT
& LEFSEKLING**

Handlaga
med kjærleik

– perfekt til familieselskap,
vennekveldar eller
som ei smakfull gave

BESTILL HER

Herlig As **LEVELD**

SANGEFJELL: Jubileum og gudsteneste 9. august

Velkomen til jubileum og gudsteneste søndag 9. august kl 13! Prost Camilla Osnes vil delta og det vert song av mezzosopran Pernille Rosfjord Wik.



Sangefjell Naturkatedral feirar 25 år og er eit resultat av eit brennande engasjement frå ein gruppe hytteeigarar og lokale fjellbrukarar. Grunneigar Breie ga tomt og sa: «Me lev ikkje av brød åleine. Me må få klokker som ringer over hytteområdet ved helg og høgtid».

Sidan 1984 har det vore årlege gudstenester på Sangefjell. Det vart vurdert å reise en fjellkyrkje, men til slutt vart det skaparverkets arkitektur som sigra. «La oss bruke naturen som katedral.»

I år 2000 fekk kyrkja eit større bidrag fra Opplysningsvesenets Fond for å realisere dagens «katedral». Naturkatedralen er ein ringmur med opning mot aust og med seks bønkapell. I sentrum er eit alter bygga av steinar samla frå hyttetomtene på Sangefjell,

og på alteret står eit symboltunget kors designet av Hagberg. I 2007 vart ein ny støpul montert.

Biskop Sigurd Osberg innvia katedralen 2. september 2001. Det er gudsteneste kvar Skjærtorsdag og ein i august, elles er Naturkatedralen ein «selvbetjeningskyrkje» med bønkapella og bålpanna i bruk. Det har vore både vigslar og barnedåp. Dette blir eit møteplass for både folk frå bygda og hyttefolket.

Sangefjell Naturkatedral forvaltast i dag av eit styre med fylgjande formål: «Me ynskjer at Naturkatedralen skal vere eit sted kor hyttefolket og lokalbefolkninga kan søkje sin skapar og sin frelsar.» Odd Terje Brustugun er leiar og Ingrid Hajem lokal kontakt.

Ingvar Lyche



31. mai var siste dag i Folkemusikkveka sitt jubileumsår og kyrkja var fylt med kyrkjelyd, deltakarar, 50-årskonfirmantar og dåpsfylgje. Kvarts, Ål-koret, dansarar og kyrkjestab bidrog til ein mektig gudsteneste.

Foto: Kristoffer Krohn Sævre

Folkemusikkgudsteneste

